

## Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 09.05.2023

Til stades: Ole Gisle Vassel, Thorleif Gjernes, Angunn Handegard Trå, Jon-Harald Huus, Veslemøy Mjelde og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Oddmund Skeie og Guri Bugge

Referent: Kaia

**Sak 2023/34: Godkjenning av innkalling og dagsorden.** Godkjent

**Sak 2023/35: Godkjenning av referat frå styremøte 11.04.2023.** Godkjent

**Sak 2023/36: Eigedomar:**

- Asfaltering av plassen ved kulturhuset. Ole har hatt kontakt med kommunen, dei ville undersøkje litt og kome tilbake til oss. Prøve å få samkøyring med anna asfaltering i området. Kan kommunen og bidra økonomisk?
- Ny feittutskiljar er montert i Meieriet av Kram Sjø. Bygdelaget har lagt om kloakkleidning ute og kopla frå utvendig feittutskiljar og septiktank i tråd med pålegg frå kommunen. HB melder tilbake til kommunen om at arbeidet er utført.
- Dugnad; på fellesdugnaden 29.04. vart det sett opp stillas og vaska på nordsida av kulturhuset. 1. strøk vart malt 8 mai. Vidare flytte stillas og vaske og male vestveggen, austveggen og leskuret. Takk til alle som har høve til å vera med!
- Dugnad; er det trong for ein dugnadsinnsats på kulturstien? 5 beitegeiter frå Gyrid Sollesnes kjem i øvre del av stien i medio mai.
- Opprydding etter arbeid utført ved ballbingen. Dette er sagt skal vere gjort til 17.mai.

**Sak 2023/37: Tilstellingar:**

- 17.mai – komiteen er i arbeid. Velkommen til tog og feiring ved kulturhuset frå kl. 13.00. Køyretøyparade frå butikken kl. 12.15.
- Jonsok; etter samarbeidsmøte i januar er det Luren 4H som har ansvar for å koordinere feiringa. Dei fordeler oppgåver til dei øvrige laga i bygda.

**Sak 2023/38: Økonomi:**

Herand bygdelag har fått tilsagn om kr 100.000,- frå Sparebankstiftinga Hardanger til asfaltering ved kulturhuset, *tusen takk for støtta!* (Me har og fått kr. 100.000,- i tidlegare tildeling).

Herand kulturhus har fått kr. 15.000,- i støtte til lagshus frå Ullensvang kommune.

**Sak 2023/39: Herand Kulturhistoriske senter:**

- Status for utstillinga og museumsvakter for sommaren; det er utlyst etter vaktar, ingen søkarar så langt.
- Torsdag 11.05 kjem Hardanger leirskule (Hardangerakademiet) til Herand med 80 elevar, dei skal ha omvising på senteret. Skal og ha anna aktivitet i bygda.

### **Sak 2023/40: Herand omsorgsbustader A/S:**

- Søknad frå Herand Omsorgsbustader om eit rentefritt lån på kr 60.000 over ein periode på eit år, grunna svak likviditet. Lånet på kr 60.000,- einstemmig vedteke av styret. Lånet tilbakebetalast i sin heilheit innan 10.05.24.
- Leiar Gunnar Dalseth opplyser at generalforsamling vert 6. juni 2023 og han har sett valnemnda i arbeid for å finne eventuelt nye styrekandidatar.

### **Sak 2023/41: Jondal Frivilligsentral:**

- Trond Vikane har sitte i styret i fire år og har teke kontakt med bygdelaget og ber om hjelp for å stille forslag om nye styrerepresentantar. Herand har mange eigeandelar i Frivilligsentralen, og bør ha ein styrerepresentant. Ole kontaktar nokon aktuelle kandidatar. Tusen takk til Trond for innsatsen i styret for Frivilligsentralen.

### **Sak 2023/42: Andre saker/eventuelt:**

- Kaia og Ole deltok på bustadkonferanse i Odda i regi av kommunen 26.04.2023. Informerte styret om møtet.
- Guri Bugge har sendt oss e-post (28.04) med info om utlysing av nye midlar for ladeinfrastruktur frå fylkeskommunen. Ho nemner i same e-posten LivOGLyst for lokalsamfunnsutvikling. Saka tas vidare til neste møte.
- Stell av blomar for sommaren, Kaia lager liste over når styremedlemmene skal vatne/stelle blomar.

**Neste styremøte tysdag 13.06.23 kl. 19.00 på Herand kulturhus**

***Tusen takk til alle som var med på bygdedugnaden 29. april, mykje godt arbeid vart utført!***